

REKNESKAPSUTTREKK PER FEBRUAR 2026

Tala byggjer på eit uttrekk frå rekneskapssystemet og er ikkje direkte samanliknbare med det som framkjem i dei offisielle tertial- og årsrapportane. Tala er ikkje delt ut i tid (periodisert). Dette har innverknad på viktige tal som til dømes renteutgifter og avdrag som forfell til ulike tidspunkt i løpet av året. Andre postar som avskrivningar, og nokre pensjons- og skatteføringar, skjer berre i samband med årsoppgjeret. Tala for 2026 er samanlikna med tilsvarande periode i 2025 og 2024, for å synleggjera utviklinga over tid.

Februar (MNOK)	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	REKN. hittil 2026	Endring 2025-26	Prosent 2025-26
Rammetilskot	-67	-71	-77	-7	9 %
Skatteinntekter	-35	-37	-75	-38	104 %
Eigedomsskatt	0	0	-1	0	25 %
Salsinntekter (ex. konsesjonskraft)	-11	-11	-11	0	-1 %
Andre driftsinntekter (ex. heimfallskraft)	-6	-3	-5	-2	59 %
SUM INNTEKTER	-119	-122	-169	-47	38 %
Løn og sosiale utgifter	116	122	118	-4	-3 %
Pensjon	19	20	15	-4	-22 %
Kjøp av varer og tenester	51	53	50	-3	-6 %
Andre driftsutgifter (ex. kraftutgifter)	8	10	10	0	-1 %
SUM UTGIFTER	193	205	193	-12	-6 %
Netto kraftinntekt (etter grunnrente/skatt)	-13	-12	-15	-3	28 %
Netto renteutgifter (ikkje periodisert)	10	11	19	7	64 %
SUM KRAFT OG RENTER	-3	0	4	4	
RESULTAT hittil i år	71	82	28	-54	-66 %

Uttrekk: 16.03.2026

Rekneskapen indikerer eit vesentleg meirforbruk, men utviklinga samanlikna med fjoråret er positiv. På inntektssida er det auken i skatt og rammetilskot som er utslagsgjevande.

Skatteinntektene for 2026 er ikkje samanliknbare med tidlegare år grunna ei omlegging av modellen for kommunane sine skatteinntekter.

Lønsutgiftene er lågare enn fjoråret. Om ein i tillegg tek høgd for lønsveksten tyder dette på at kommunen har færre personar i arbeid.

Kjøp av varer og tenester er lågare enn fjoråret. Storleiken på varekjøp varierer både frå månad til månad og frå år til år. Dette skuldast både prisstigning, endra behov og kva månad fakturaen kjem.

Andre driftsutgifter har auka mindre enn prisstigninga.

Kraftinntektene er basert på reelle tal, der grunnrente og skatt er trekt ut. Netto kraftinntekt ligg noko over fjoråret grunna vesentleg høgare pris på heimfallskrafta.

Grunna periodiseringar er netto renteutgifter i liten grad samanliknbare.

FORDELING PÅ KOMMUNALE TENESTEOMRÅDER (KOSTRA)

Denne tabellen syner den vanlege oppstillinga som vert nytta i budsjett, tertial- og årsrapportar. Tala syner netto tal for det einskilde tenesteområde.

KOSTRA Tenesteområde Februar (MNOK)	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	REKN. hittil 2026	Endring 2025-26	Prosent 2025-26
Administrasjon	15	16	12	-4	-26 %
Barnehagar	22	24	22	-2	-9 %
Barnevern	4	4	4	0	-3 %
Brann- og ulykkesvern	4	4	4	0	0 %
Bustad	-1	0	0	0	-200 %
Finans og fellespostar	-92	-96	-135	-39	41 %
Grunnskuleopplæring	37	39	35	-4	-10 %
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	-13	-11	-14	-3	31 %
Kommunehelse	9	11	11	0	1 %
Kultur	7	9	10	1	9 %
Kyrkja	1	2	1	0	-17 %
Plansak og byggesak	2	2	3	1	29 %
Pleie og omsorg	59	63	62	-1	-2 %
Samferdsel	4	3	3	0	-1 %
Sosialeteneste	7	8	7	-2	-20 %
Styring og kontrollverksemd	1	1	1	0	-28 %
Tenester utanfor ordinært ansv.område	0	0	0	0	-80 %
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	4	3	3	0	7 %
TOTALT	71	82	28	-54	-66 %

Uttrekk: 16.03.2026

Reduksjonen på *Administrasjon* har samanheng med fordeling av programvarekostnader på dei aktuelle tenestene.

Betringa på *Finans og fellespostar* har samanheng med auken i skatteinntekter (grunna omlegging av systemet) og auken i rammetilskot.

UTVIKLING ÅRSVERK



Grafen syner utviklinga i årsverk til personar som får utbetalt lønn frå kommunen. Dette omfattar tilsette i heiltids- og deltidstillingar i tillegg til tilsette vikarar

Timelønna personell og innleigde ressursar frå vikarbyrå er ikkje inkludert. Timelønna arbeider mellom 30 og 40 årsverk per måned, men er noko høgare knytt til ferieavvikling i juli, august og september. Toppen er i august med om lag 70 årsverk.

Sjukemelde er ikkje er inkludert i årsverkstala. Dette talet svingar mellom 60 – 80 årsverk per måned. I tilfelle der sjukemelde vert erstatta av vikar vil vikaren inngå i «Arbeidde årsverk». Slik at tala er samanliknbare. Dersom den sjukemelde ikkje har vikar eller har timelønna vikar, vil talet på «Arbeidde årsverk» verta redusert, men dette er berre ein midlertidig effekt. Dette er ein viktig forklaringsvariabel i auken frå januar til februar 2026.

Den stipla gule linja synar trenden i arbeidde årsverk. Tala indikerer ei nedgang i talet på «Arbeidde årsverk» på om lag 5 %.